

## **Handlingsplan 2024-2026**

Biblioteka er ein av dei viktigaste institusjonane til demokratiet, og bidreg til å sikra ei opplyst befolkning og eit levande, offentleg ordskifte.

Med mykje uro i verda og stadig fleire svake demokrati, søkkande lesekompetanse, aukande desinformasjon og ei pressa allmente, er rolla til biblioteka som ein grunnstamme for demokratibygging avgjerande framover.

Vi står føre fleire viktige trendar der biblioteka spelar ei viktig rolle. Digitale verktøy som mellom anna KI, Chat GPT og tekstattkjenning er berre noko av det vi kjenner til som ligg føre oss. Biblioteka må jobba aktivt mot desinformasjon, med ei styrking av kjeldekritisk forståing og hindring av digitalt utanforskap. Dette gjeld òg utviklinga av digitale ressursar, tilgangen til digitale medium og den menneskelege bruken av ny teknologi. Funksjonen til biblioteka som møteplass for menneske står framleis sentralt.

Ein lesande, oppdatert og kunnskapsrik befolkning er avgjerande for å sikra eit levande demokrati. Biblioteka er med på å leggja grunnlaget for ei befolkning som har både leseevne og leseuthald intakt.

Forventningane til biblioteka aukar, medan ressursane og rammene blir stadig trongare. Som kunnskapsinstitusjon er det forventa at både institusjonane og brukarane jobbar kunnskaps- og faktabasert, og i ein pressa økonomi er det utfordrande.

Biblioteka spelar ein viktig funksjon i institusjonane og lokalsamfunna sine, og det er derfor viktig å jobba for gode rammevilkår, også i den kommande perioden. Det gjer vi gjennom å jobba målretta med kunnskapsutvikling og samarbeid og politisk arbeid nasjonalt, regionalt og lokalt. Det vil derfor vera ein prioritet òg å byggja ein sterk og levande organisasjon i alle ledd.

### **Tilgang**

Biblioteksektoren og verda elles kjenner på auken i falske nyheitssaker og bilete, på stadige innstrammingar i kjøpekraft og på miljøutfordringar. Ved å stilla kunnskap og ulike medium gratis tilgjengeleg, er biblioteka ei motvekt. Mellom anna gjennom eit verdsomspennande fjernlånssamarbeid, og ved å gi kunnskap om ulike kjelder og god bruk av dei. Norsk bibliotekforening meiner at tilgang til digitale ressursar som til dømes Helsebiblioteket og Bibliotek24 er tenester det er viktig å følgja tett med på i inneverande periode, i tillegg til utvida nasjonal bibliotekstrategi og felles nasjonal digital infrastruktur.

Norsk bibliotekforening skal i perioden jobbe for

- open og tilgjengeleg forskning.
- sikre og styrke tilgang til digitale ressursar.
- god og berekraftig infrastruktur som gir tilgang til fysisk og digitalt innhald.
- tilgjengelege bibliotek, både når det gjeld universell tilgjengelegheit og bibliotektenester utanfor biblioteklokalet.

### **Læring gjennom heile livet**

Biblioteka er naudsynte gjennom eit heilt livsløp. Norsk bibliotekforening jobbar for ein bibliotekpolitikk som gjeld alle typar bibliotek og -tenester. Skulebibliotek, folkebibliotek, fag- og forskingsbibliotek og mobile bibliotektenester, er alle viktige for å sørgja for eit heilskapleg bibliotektilbod til heile befolkninga.

Norsk bibliotekforening skal i perioden jobbe for

- at alle bibliotek, frå grunnskule til høgare utdanning, er ein naturleg del av utdanning og nasjonalt biblioteksamarbeid.
- at studentar skal få gode bibliotektenester, uavhengig av fysisk nærleik til studiestaden sin, gjennom å jobba for kunnskap hos eigarar om fordelar ved samarbeid, og å løfta dette politisk.
- å styrke moglegheitene til barn og unge til kunnskap og oppleving der dei bur.

### **Lesing**

Lesing er grunnleggande naudsynt for å tileigne seg kunnskap, og for å kunne delta i ein opplyst samtale i eit levende demokrati. Det er difor naudsynt å sikre både lesekompetanse og lesing som aktivitet i befolkninga, gjennom hele livsløpet.

Gjennom dei ulike delane av biblioteksektoren skal Norsk bibliotekforening jobba for å fremja lesing. Skulebibliotek og fagbibliotek bidrar til auka kompetanse rundt område som kjeldekritikk, sjangerforståing, tekstforståing og djupnelesing. Folkebiblioteka når ut til heile befolkninga og fyller rolla som kunnskapsbrønn og formidlar, og byggjer lesekompetanse og formidling av lesing gjennom heile livet. Alle ulike bibliotektypar bidrar til å styrkja lesinga i samfunnet, saman med andre leseinstusjonar. Biblioteka må sikrast rammevilkår for å halde fram arbeidet med lesing, og må sikrast oppdatert kunnskap om endring i trendar og digital utvikling.

Norsk bibliotekforening skal i perioden jobbe for:

- å styrke det igangsette arbeidet til regjeringa med ein leseyststrategi og peika på rolla til biblioteka i samarbeid med andre institusjonar.
- å sikra plassen til biblioteka i arbeidet med lesetiltak, og jobba for langtidsperspektiv og føreseielege vilkår.
- styrking av skulebibliotek, og at dei bruka aktivt og pedagogisk i opplæring på skulen.
- innhenting og bruk av statistikk på skulebibliotek i både grunnskule og vidaregåande skule.

### **Ytringsfridom**

Eit demokratisk samfunn er tufta på opplysning og fridommen til å meine og ytre seg. Biblioteka spelar ei avgjerande rolle i å gjere det mogleg for alle å ta del i samfunnet og bruke stemma si. I eit mylder av kanalar og informasjonsstraumar, treng me ein påliteleg og stabil stad vi kan søkje kunnskap og rettleiing. Biblioteka gir informasjon, litteratur og kunnskap tilgjengeleg, og sørgjer for informasjonsfridom ved å spegla ei breidde av ytringar i samlingane sine.

Der ytringsfridommen er under press mange stader i verda i dag, ser Norsk bibliotekforening det som spesielt viktig framover å peika på potensialet som ligg i biblioteket som demokratisk arena.

Norsk bibliotekforening skal i perioden:

- jobba for retten til likeverdig tilgang til informasjon og kunnskap.
- bidra aktivt i diskusjonar om sjølvstendet til biblioteka og redaktøransvaret til biblioteksjefen, og jobbe for akademisk ytringsfridom.
- jobbe for å skapa trygge ytringsrom.
- ta initiativ til debattar og samtalar om ytringsfridom og rolla til biblioteka i eit demokratisk samfunn.

- sjølv vera ein aktiv meiningsberar og aktør i det offentlege ordskiftet i saker som gjeld bibliotek.

### **FNs berekraftsmål**

Biblioteka sitt samfunnsoppdrag er avgjerande for miljø, økonomi og sosiale forhold. Arbeidet til Norsk bibliotekforening skal vere knytt opp mot FN sine berekraftsmål. Berekraftige samfunn inkluderer bibliotek som er med på å jamna ut ulike sosiale tilhøve og føresetnader.

Norsk bibliotekforening skal i perioden jobbe for:

- at bibliotek kan gi likeverdig tilgang til innhald, tilbod og tenester til målgruppene sine.
- at biblioteka har kompetanse om universell utforming og er universelt tilgjengelege for eit mangfald av innbyggjarar, elevar og studentar.
- å løfta fram kva rolle bibliotek kan spela i utvikling av berekraftige samfunn.

### **Teknologi i utvikling**

Grunnleggande sett er teknologi prosessar der enkeltdelar setjast saman til ein heilskap. Slik bitar med informasjon blir til kunnskap, eller ord og setningar blir til tekst. Prosessane kan vere praktiske og teoretiske – knytt til både framstilling og kunnskap.

Digitale teknologiar er skapt i fysiske rom, og skaper virtuelle rom. I det virtuelle rommet kan folk agere og reagere, praktiske og teoretisere. Digitale teknologiar utvidar røynda til nye flater og endrar korleis folk finn informasjon og nyttar kulturelle opplevingar. I det fysiske rommet har sjølvbetening og meirope gjort bibliotekbesøket meir tilgjengeleg for folk, men også auka risikoen for reduksjon av tilsette og økonomiske ressursar.

Organisering, bruk og formidling av informasjon har alltid vore ein del av kjerneverksemda til biblioteka. Papir, bøker og aviser har vore viktige fysiske informasjonsteknologiar. Digitale informasjonsteknologiar utfordrar korleis ein tenkjer omkring bibliotek, og opnar samstundes opp for nye moglegheiter.

Som informasjonsaktørar spelar biblioteka viktige roller i møte med ulike og nye teknologiar. Både gjennom sine tilbod via fysiske og digitale teknologiar, som rettleiar i bruk av desse, og også som ein medveten aktør i møte med eksisterande og framtidige teknologiar.

Norsk bibliotekforening skal i perioden jobbe for:

- at biblioteka kan tilby digitale tenester og medium på like vilkår som fysiske.
- å synleggjere biblioteka som ein viktig aktør i arbeidet med digital inkludering.
- ein samanhengande, felles digital infrastruktur for heile bibliotekfeltet.
- at biblioteka kan utforske, styrke og ta i bruk nye mogleikar teknologiutviklinga gir, slik som digitalisering, kunstig intelligens, automatisering med meir.
- at teknologiutvikling og bruk av teknologi i bibliotek utvidar det totale bibliotektilbodet, supplerer eksisterande verktøy, og utviklar faget for framtida.

### **Rammevilkåra til bibliotek**

For å sikre tenester av god nok kvalitet til brukarane, er det heilt naudsynt med mandat, ressursar og mogleikar til å utvikla og halda oppe det som biblioteket er forventa å levera, gitt statlege, nasjonale og lokale retningslinjer. Med tilstrekkeleg ressursar, åtgåum og oppdatert kompetanse kan biblioteka vera utviklingsmotorar. Vi ser likevel i dag at samstundes som forventningane aukar, blir økonomien til fleire bibliotek pressa. Vi ser òg at det er sviktande

kunnskapsgrunnlag for å byggja bibliotektenester for framtida, og statistikk manglar i mange tilfelle.

For å utvikla relevante tenester er det naudsynt med kunnskap om situasjonen og utgangspunktet til biblioteka. Det er òg behov for oppdatert kunnskap om brukarane, bruk og utvikling, gjennom mellom anna statistikkinnhenting eller brukarinnst.

Fleire bibliotek står overfor endring og utvikling. Biblioteka spelar ei viktig rolle i omgivingane sine, og ved å sikre aktiv involvering og bruk av fagleg kompetanse kan rolla til biblioteket styrkjast. I alle endringsprosessar bør derfor biblioteket bli involvert tidleg og aktivt.

Norsk Bibliotekforening skal i perioden jobbe for:

- betre rammevilkår for alle bibliotek gjennom politisk påverknadsarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt.
- at tillitsvalde lokalt kan følgje lokale prosessar, og støtte eigne tillitsvalde der det er ønske eller behov.
- strategisk nettverksbygging.
- å sikra at biblioteka blir tidleg involverte i prosessar i utvikling av tenester, og har ein plass i alle relevante planar og planverk.
- at det blir henta inn og blir brukt statistikk og kunnskapsgrunnlag for å sikra ei kunnskapsbasert utvikling.

### **Organisasjonsutvikling**

Ein sterk organisasjon kan jobba meir slagkraftig for eit styrka, felles bibliotekfelt. Med mange og engasjerte medlemmar og tillitsvalde har vi større legitimitet og evne til å påverke. Vi har tru på at trygge og medvitne tillitsvalde, som står støtt i arbeidet i foreininga, vil samle og utvikle organisasjonen. Med stramme økonomiar i både institusjonar og i befolkninga, er det viktigare enn nokon gong med ein stødig organisasjon som viser kvifor det er verd å prioritera ein medlemskontingent i Norsk bibliotekforening. Norsk bibliotekforening skal i perioden fokusere på ulike ledd internt for å oppnå ein større medlemsmasse og stabile tillitsvalde.

Medlemmar:

- Vi skal utarbeida ein langsiktig og berekraftig plan for medlemsverving.
- Vi skal kartleggje medlemsmassen og setje inn tiltak for å nå visse grupper.
- Vi skal jobbe aktivt for å halde på medlemmar, både institusjonar og personar.
- Vi skal få fleire medlemmar til å engasjere seg aktivt i foreininga.
- Vi skal kurse medlemmar i lobbyarbeid.

Tillitsvalde:

- Vi skal satse på kompetanseheving av tillitsvalde på styrearbeid og påverknadsarbeid.
- Vi skal jobbe for å styrkje fellesskapskjensla og tilhørsla internt.
- Vi skal gjere tillitsvalde trygge i rolla.
- Vi skal ha/stille til disposisjon berekraftige og universelt tilgjengelege digitale løysingar og ressursar.

Kommunikasjon:

- Vi skal styrkje den interne kommunikasjonen i foreininga.
- Vi skal opprette ei plattform for kommunikasjon på tvers av organisasjonsledda.
- Vi skal ha jamleg dialog om kva som rører seg lokalt og sentralt.